

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse viser til sak 60/20 til hovudutval for opplæring og kompetanse 25.11.20 «Sak om opplæringstilbod skuleåret 2021/22». Det er dessverre kome inn ein feil i saka.

I saka står det:

*« Økonomi: Prosessvedtak 8c i finansutvalet 22.9.2020 legg til grunn ein reduksjon i klassar og flatt/prosentvis/pro rata effektiviseringstiltak i sektoren på 20 mill. kr. i 2021. Fylkesdirektøren tilrår å lyse ut 12 færre klassar samanlikna med tal klassar sett i gang skuleåret 2020/21. Dette utgjer ei total innsparing på 18 mill. kr. 8 190 000 kr. er haustverknad 2021 og 9 810 000 kr. er vårverknad 2022.»*

Den korrekte framstillinga er:

Fylkesdirektøren tilrår å lyse ut 12 færre klassar samanlikna med tal klassar sett i gang skuleåret 2020/21. For 5 av desse 12 klassane er det i framlegget til budsjett for 2021 ikkje lagt inn dekning til vidareføring frå hausten 2021.

Årsaka er at det under handsaminga av sak 79/20 i fylkesutvalet 30. april, «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» og i sak 28/20 i hovudutval for opplæring og kompetanse 2. juni «Eventuell omprioritering av budsjettamma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21», vart oppretta 5 klassar utover den økonomiske ramma. Desse klassane er finansiert gjennom generelt nedtrekk i sektoren i 2020. For 2021 er det i budsjettframlegget lagt inn 4,6 mill.kr. til å fullføre desse klassane skuleåret 2020/21 (våren 2021). Det er altså ikkje lagt inn dekning for vidareføring av desse 5 klassane for skuleåret 2021/22.

Den vidare reduksjonen med 7 klassar for skuleåret 2021/22 vil gje ein haustverknad på 4,8 mill.kr og våreffekt 5,4 mill. kr. Heilårseffekt vert 10,5 mill. kr. i 2022.

Utover det som er lagt til grunn i saka om opplæringstilbodet vil sektoren måtte ta 15,2 mill.kr. som generelt nedtrekk i 2021, i høve til finansutvalet sitt prosessvedtak 8c i finansutvalet 22.9.2020.